

OSTERØY KOMMUNE
864338712Vår referanse
2023/1931Vår dato
8. juni 2023

Avslag på søknad om tilskottsmidler til skulebibliotek 2023

Kontaktperson hos søker: Henrik Carlsen

Avslag på søknad frå Osterøy kommune

Vi viser til søknad om tilskot til utvikling av skulebibliotek og lesestimulering i kommunen.

Utdanningsdirektoratet har handsama alle søknadene, og på grunnlag av ei heilskapleg vurdering avslår vi søknaden dykkar.

Grunngjeving for avslaget

Grunngjeving for avslag kan være at søknaden ikkje oppfylte eitt eller fleire av kriteria som var formulert i utlysninga og søknadsskjemaet, som til dømes manglande kommunal plan for skulebibliotek, eller manglande eigenfinansiering.

Søknaden er vidare vurdert ut frå prosjektbeskrivinga og korleis han er kopla til årets prioriteringar. Vi har også tatt omsyn til geografisk spreiring i handsaminga av søknadene.

Til fristen 17. mars kom det inn søknader frå 52 kommunar på om lag 38 millioner kroner.

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet lyste i januar ut tilskot til prosjekt for å utvikle skulebibliotek. Kommunar kunne søke på midlane. Ramma for tilskotet i 2023 er 25 millionar kroner. Føremålet er å bidra til å styrke arbeidet med lesestimulering. Tilskotet er knytt til *Rom for demokrati og danning – Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023*.

For meir informasjon om tilskotsordninga for skulebibliotek, sjå udir.no.

Med helsing

Kjetil Helgeland
avdelingsdirektør

Elise Warberg
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent